



Det gode livet i Fjord

Strategi for helse, omsorg
og velferd
2025 - 2028



Fjord kommune

Strategien kort fortalt

Strategien er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og Bu trygt heime-reforma.

Strategien set retning for helse, omsorg og velferd i Fjord kommune. Målet er aktive innbyggjarar som klarer seg best mogleg gjennom heile livet.

Strategien legg til grunn at innbyggjarar som treng tenester i størst mogleg grad skal oppleve eigenmeistring, med dei ressursane den enkelte har.

Strategien beskriv dei områda vi vil satse på for å møte utfordringane dei næraste åra. Strategien følgjer Bu trygt heime-reforma sin planperiode 2024 – 2028.

Strategien skal følgjast opp gjennom ein handlingsplan, planar i andre tenesteområde, og i dei årlege handlings- og økonomiplanane.

Heilskapleg levekårsplan krev ein omfattande prosess med planlagt ferdigstilling i slutten av 2025.

Gode vekstvilkår

- ***livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig***



Hovudmål i samfunnsdelen

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Nasjonale føringar peikar på at kommunane må satse meir på førebyggjande helsearbeid. Dette krev nye arbeidsmetodar, samarbeid på tvers og vilje til endring



Nasjonal helse- og samhandlingplan 2024 – 2027

Utfordringa er mangel på nok personell, for dårleg samanheng mellom tenestene og likeverdig tilgang på helse- og omsorgstenester. Førebygging og meistring er nødvendig, og den førebyggjande innsatsen må styrkast.

[Planen har seks hovudgrep:](#)

1. Tiltak for å rekruttere og behalde personell med rett kompetanse
2. Endre finansieringsordningane
3. Ytt rekruttering- og samhandlingstilskot
4. Ny strategi for digitalisering av helse- og omsorgstenestene
5. Forenkle og tydeleggjere regelverk
6. Ei god og tilgjengeleg allmennlegeteneste



Bu trygt heime-reforma

Dei overordna måla med reforma er å bidra til at eldre kan bu trygt heime og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsette gjennom betre planlegging, styrka førebygging og meir målretta tenester.

Stortingsmeldinga [Meld. St. 24 \(2022–2023\) \(regjeringen.no\)](#) har **fire innsatsområde**:

1. Levande lokalsamfunn
2. Bustadtilpassing og –planlegging
3. Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar
4. Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande



Aldersvennlege samfunn

Handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ei aldrande befolkning. Regjeringa har utarbeidd strategien «[Fleire år – fleire mulegheiter](#)». Det er utarbeidd [handbok i aldersvennlege lokalsamfunn](#).

Nasjonale føringar peikar på at kommunane må satse meir på førebyggjande helsearbeid. Dette krev nye arbeidsmetodar, samarbeid på tvers og vilje til endring

Folkehelsemelding

Den nyaste folkehelsemeldinga, [Meld. St.15 \(2022–2023\)](#), presenterer regjeringens strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller i Norge.

Meldinga fokuserer på seks hovudområde:

1. Samfunnsskapte vilkår for god helse
2. Levevanar og førebygging av ikkje-smittsomme sjukdommar
3. Psykisk helse og livskvalitet
4. Vern mot helsetruslar og rett til eit sunt miljø
5. Kommunikasjon og innbyggjardialog
6. Førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenesta

Regjeringa ønskjer å prioritere folkehelsepolitikken og forsterke innsatsen for å redusere sosial ulikskap.



NOU 2023: 4, “Tid for handling,” er en omfattende utredning fra **Helsepersonellkommisjonen** som tar for seg utfordringene og behovene i helse- og omsorgstjenestene frem mot 2040. Her er en kort oppsummering av hovedpunktene:

1. Personellbehov: Utredningen identifiserer et økende behov for helsepersonell på grunn av demografiske endringer, som en aldrende befolkning og økt etterspørsel etter helsetjenester

2. Utdanning og rekruttering: Det foreslås tiltak for å forbedre utdanningskapasiteten og rekrutteringsprosesser for å sikre tilstrekkelig tilgang på kvalifisert personell

3. Beholde personell: Fokus på tiltak for å beholde eksisterende helsepersonell gjennom bedre arbeidsforhold, karrieremuligheter og kompetanseutvikling

4. Innovasjon og teknologi: Bruk av teknologi og innovative løsninger for å effektivisere tjenestene og redusere belastningen på helsepersonell

5. Bærekraft: Vektlegging av bærekraftige løsninger for å møte fremtidens behov uten å overbelaste helse- og omsorgssystemet. Utredningen understreker viktigheten av en helhetlig og langsiktig tilnærming for å sikre en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste i Norge



Kva er helse, omsorg og velferd?

Helse, omsorg og velferd gir tenester til innbyggjarar i alle aldrar

Helse, omsorg og velferd omfattar dei kommunale helse-, sosial- og omsorgstenestene; habilitering- og rehabiliteringstenester, legetenester, helsestasjon, skulehelseteneste, jordmor, heimebaserte tenester, psykisk helse- og rustenester, tenester til menneske med funksjonsnedsettingar, sjukeheim, omsorgsbustadar, flyktningteneste og tenester knytt til arbeid og aktivitet.

Tenestene vert ytt på ulike stader. Det kan vere i innbyggjaren sin heim, i kommunale lokale, på legekontor, i omsorgsbustad og i bufellesskap. I tillegg har kommunen sjukeheim, der dei sjukaste innbyggjarane kan bu og få sine tenester.

Nokre innbyggjarar får tenester i ein kort periode, andre over lang tid. Nokre vekslar mellom periodar der dei treng tenester, og periodar dei klarer seg utan eller med færre tenester.



["Gode pasientforløp"](#) er ei nasjonal satsing med KS og fleire, der fokus er å utvikle helskaplege og samhengande pasientforløp.

Mål

**Fjord kommune vil ha aktive innbyggjarar
som klarer seg best mogleg gjennom heile livet**




Strategien bygg på samfunnsdelen:

Hovudmål 1 – vidareutvikle det gode livet

Hovudmål 4 – ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Kva påverkar helse vår?



Folkehelseprofilen for Fjord 2024 peikar på kor viktig det er å legge til rette for eit aldersvenleg samfunn. Figuren viser dei viktigaste faktorane som påverkar helse i eldre år.

[Folkehelseprofil for Fjord kommune 2024, FHI](#)

Grunnlaget for strategien

Helse-, omsorgs- og velferdstenestene skal støtte opp om gode kvardagsliv

Samfunnsoppdraget inneber at innbyggjarane som treng det, skal få tenester av god kvalitet. Det skal skje innanfor dei økonomiske og personellmessige rammene som kommunen har, og på ein måte som gjer at tilsette opplever arbeidsglede.

Strategien bygg på eit solid kunnskapsgrunnlag og baserer seg i stor grad på nasjonal forskning og sentrale retningslinjer og anbefalingar.

Strategien heiter «Det gode livet i Fjord», ein tittel som er direkte relatert til [kommuneplanen sin samfunnsdel](#). Dette er kjernen og målet – å bidra til aktive innbyggjarar som klarer seg best mogleg gjennom heile livet.

Strategien er bygt rundt område vi skal satse på og måtar vi skal gjere det på. Satsingsområda og dei strategiske grepa skal sette kommunen i stand til å møte dei utfordringane som ligg framfor oss på kort og mellomlang sikt.

Strategien dekker ikkje heile tenestespekteret i helse, omsorg og velferd, men løftar fram dei områda det skal satsast spesielt på dei komande åra.

[Kommuneplanen sin samfunnsdel \(2021 – 2033\)](#) og berekraftsmåla til FN dannar grunnlag for strategien. Helse-, omsorgs- og velferdstenestene skal bidra til gode kvardagsliv for innbyggjarane.



Utfordringsbildet – demografi og helsetilstand

Fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder

Fleire lever lenger med god helse, slik at behovet for hjelp kjem seinare i livet. Det blir likevel så mange fleire eldre at etterspurnaden etter tenester vil auke. Samtidig vil det bli færre i yrkesaktiv alder for kvar pensjonist.

Fleire med langvarige behov for samansette tenester


Helsetenesta kan behandle stadig fleire sjukdomar og meir komplekse tilstandar. Det gjer at fleire overlever alvorlege sjukdomar og skader, både frå fødsel av og frå hendingar seinare i livet. Utviklinga bidreg til at fleire lever lenger med kroniske sjukdomar og/eller funksjonsnedsettingar og omfattande tenestebehov.

Stadig fleire oppgåver knytt til spesielle helsesjukedommar, rehabilitering, psykiatri og rus vert overført til kommunehelsetenesta. Oppgåvene er komplekse og krevjande, krev mykje personell og kan belaste tenestene massivt.

Fleire med behov for samansette og koordinerte tenester

Store og samansette helseutfordringar utløyser behov for ulike tenester og fleire typar kompetanse. Dette skaper eit auka behov for koordinering og samarbeid på tvers av fagområde og forvaltningsnivå.

Mangel på samspel mellom ulike tenester kan opplevast som ei ekstra belastning. Noko som igjen kan slå ut på effektiviteten i tenestene.



Utfordringsbildet – ulikskapar i levekår og utanforskap

Aukande tal familiar med låg inntekt

- Tal på barn som veks opp i familiar med låg inntekt har auka gjennom fleire år
- Innvandrarfamiliar er overrepresentert blant familiar med låg inntekt. Talet på familiar utan innvandrarbakgrunn som har låg inntekt har auka dei siste åra
- Ulikskap i levekår følgjer utdannings- og inntektsnivået i befolkninga. Sosiale skilnadar går i arv

Låg buevne, ustabile buforhold

- Mange har utfordringar i tillegg til å ha det økonomisk vanskeleg, som til dømes manglande bukompetanse, psykiske helseutfordringar og rusproblematikk

Manglande sosial inkludering og deltaking

- Ein del innbyggjarar har svak tilknyting til arbeidslivet. Nokre kjem ikkje inn på arbeidsmarknaden
- Dårlege levekår, svake språkkunnskapar, låg inntekt og dårleg helse hindrar deltaking på ulike samfunnsarenaer
- Einsemd vert kalla den nye folkesjukdomen

Vaksne i Fjord

- 71 prosent opplever helsa si som god eller svært god.
- 65 prosent oppgir at dei trivst i nærmiljøet sitt i stor grad, dette er litt færre enn elles i fylket.
- Berre tre av ti personar rangerer kulturtilbodet med kino, bibliotek, teater, konsertar som lett tilgjengeleg.
- I aldersgruppa 45 år+ er det fleire enn andre stadar som ikkje eig eigen bustad
- Det er vesentleg færre som har høg gjeld enn landet elles.

Barn og unge i Fjord

- Litt over halvparten av ungdommane er fornøgd med helsa si, dette er litt færre enn elles i landet.
- Det store fleirtalet trivst på skulen, kjenner seg trygge i nærmiljøet og har minst ein fortruleg venn.
- Tre av fire ungdomsskuleelvar er med i ein fritidsorganisasjon, og idrettslag har størst oppslutning.
- Ein av ti er sjeldan eller aldri fysisk aktiv.
- Det er færre barn som bur trongt i Fjord enn elles i landet.

Kjelder: [Folkehelseprofil 2025 - Fjord](#) [Ungdata 2024 - Fjord](#)
[Folkehelseundersøkinga 2021 - Møre og Romsdal](#)

Utfordringsbildet – auka forventningar og krav

Rett på tenester

- Lovfesting av rettar styrkar brukaren sine krav på tenester, og pålegg kommunen å tilby den aktuelle tenesta. Samtidig utfordrar dette kommunen sitt handlingsrom

Forventning til nivå og omfang på tenester

- Innbyggjarane forventar saumlause tenester, høg kvalitet, medverknad og individuell tilpassing. Forventningane overstig i mange tilfelle kommunen sin kapasitet
- Fleire psykiatriske og geriatrike problemstillingar vert overført til kommunen og utfordrar personell på alle nivå. Behov for auke i tryggleikstiltak

Ulik oppfatning av kommunen si rolle og ansvar

- Innbyggjarane forventar hjelp til å ivareta oppgåver knytt til eigen og pårørande si helse, medan kommunen legg til rette for at innbyggjarane skal klare seg best mogleg sjølv
- Brukarar, pårørande, fagmiljø, spesialisthelsetenesta og media kan ha ulike oppfatningar av kva som er kommunen sitt ansvar og kva innbyggjarane må ta ansvar for sjølv

Redusert økonomisk handlingsrom

- Færre yrkesaktive minskar kommunen sine skatteinntekter. Dermed vert handlingsrommet redusert når det gjeld finansiering av tenester
- Nasjonale reformer flyttar fleire spesialistoppgåver ut i kommunen utan tilsvarende tilføring av ressursar

Redusert tilgang på personell

- Behovet for helsepersonell vil vekse kraftig om vi held fram med å levere tenester på same måte som no, medan tilgang på helsepersonell minkar
- Kommunen konkurrerer med andre kommunar og spesialisthelsetenesta om dei same fagfolka

Avgrensa kapasitet i tilboda

- Gapet mellom tenestetilbodet det er mogleg å gje og etterspurnaden vil auke ytterlegare i åra som kjem

Fleire etterspør tilrettelegging

- Aukande tal tilsette etterspør tilrettelegging
- Meir behov for oppfølging av tilsette
- Krav og forventningar er i endring
- Auka behov for opplæring ved tilsetting spesielt

Utfordringsbildet – omstillingsbehov

I sum gir utfordringsområda eit stort omstillingsbehov:

Behov for felles forståing for endringsbehov


- Felles forståing av behovet for endring er ein føresetnad for omstilling
- God leiing er avgjerande for å planlegge, gjennomføre og forankre konkrete endringsprosessar. Dette skal sikre at alle aktørar tek felles ansvar for mål og resultat

Behov for teknologisk utvikling


- Den teknologiske utviklinga må i større grad brukast i utviklinga av betre og meir ressurseffektive tenester
- Digitalisering og ny teknologi stiller nye krav til kompetanse, arbeidsprosessar og organisering

Behov for nye tenestemodellar og arbeidsmåtar

- Knappe bemanningsressursar, nye behandlingsmetodar og ny teknologi skaper eit behov for endringar i organisering og levering av tenestene
- Kompleksiteten i måten tenestene vert levert på aukar behovet for godt koordinerte tenester og gode pasientforløp



Satsingsområde



Strategiske grep

Rekruttere, behalde og utvikle medarbeidarar

Vi skal

- Bygge gode fagmiljø gjennom å legge til rette for systematisk læring og vidareutvikling av dei tilsette sin kompetanse
- Vere tydlege på oppgåver og ansvar slik at tilsette opplever meistring og arbeidsglede
- I større grad kvalifisere tilsette internt for arbeid innanfor pleie og omsorg
- Styrke språkkompetansen til eigne tilsette med anna morsmål gjennom kurs i Helsenorsk
- Arbeide systematisk med rekruttering
- Følgje opp politisk vedtatt sjukepleiestipendordning
- Samarbeide strategisk med bedriftshelsetenesta

Kompetente tilsette er den viktigaste ressursen for å levere gode tenester. Tilsette må få vidareutvikle kompetansen i tråd med endra behov, og arbeidet må leggst til rette slik at tilsette kjenner meistring av arbeidsoppgåvene. Robuste tenester og nye arbeidsmåtar krev gode fagmiljø på tvers av fag og profesjonar.

Bruke og utvikle kunnskap

Vi skal

- Fornye og forbetre tenestene ved å evaluere eigen praksis
- Vurdere å implementere velferdsteknologi som gir positiv kost-nytte effekt
- Ta i bruk ProACT (“Proactive Acute Care Training”) eit strukturert treningsprogram som fokuserer på tidleg gjenkjenning og handtering av akutt sjukdom
- Styrka fokus på informasjon til innbyggjarane
- Informasjon om hjelpemiddel, kontaktpunkt mv

Tenesteutvikling og nye måtar å løyse oppgåver på vil vere viktige fokusområde framover.

Strategiske grep

Samskape og koordinere

Vi skal

- Definere tydlege arbeidsoppgåver til ulike stillingar
- Arbeide med tenesteutvikling for å gjere tenestene endå betre
- Arbeide meir tverrfagleg
- Ha tett samarbeid med kulturavdelinga, frivillige og innbyggjarar
- Bruke BTI – Betre tverrfagleg innsats

Heilskaplege tenester må i aukande grad bli tilpassa individuelle behov. Vi må ta i bruk nye metodar for samhandling og koordinering for å utnytte ulik fagkompetanse til beste for den enkelte innbyggjar.

Rom for frivilligheita

Vi skal

- Samskape med lag og organisasjonar, innbyggjarar og næringsliv
- Arbeide for eit godt skysstilbod
- Utvikle lågterskeltilbod / frisklivssentral
- Ha ei betre koordinering mot frivillig innsats
- Samarbeide meir med barnehage og skule
- Arbeide for å få på plass besøksdyr
- Trimtiltak
- Vurdere grøn resept for å stimulere til aktivitet

Strategiske grep

Ta vare på og mobilisere pårørende

Vi skal

- Anerkjenne og støtte pårørende slik at dei kan stå godt i rolla og bidra ut frå sine føresetnader. Forventningsavklaringar er gjensidig viktig for å få eit godt samspel
- Utvikle tenestene våre gjennom systematisk samarbeid med pårørende
- Styrke dei tilsette sin kompetanse om pårørende sine behov, utfordringar og rettar

Det er viktig med tidleg forventningsavklaring, medverknad og kartlegging av kva pårørende kan og vil bidra med.

Pårørende er ein viktig ressurs for sine nærstående og for kommunen. Kommunen skal møte pårørende som ein viktig samarbeidspart. Kommunen vil i større grad bli avhengig av innsatsen frå pårørende og andre i framtida.

Ta i bruk e-helse og velferdsteknologi

Vi skal

- Sette brukarane i stand til å nytte velferdsteknologiske løysingar for å klare seg sjølv best mogleg
- Innføre brukarvenlege digitale løysingar som fungerer saman, og vidareutvikle digital heimeoppfølging
- Integrere teknologi og digitale løysingar i det etablerte tenestetilbodet og sikre at vi hentar ut gevinstane

Nye arbeidsmetodar, digitalisering og velferdsteknologi er ein føresetnad for å sikre effektive, berekraftige og framtidsretta helse- og omsorgstenester.

Bruk av velferdsteknologi vil påverke arbeidsprosessane våre og bidra til at vi arbeider på andre måtar.

Strategiske grep

Aldersvenleg samfunn

Vi skal

- Ha fokus på å tilpasse samfunnet til å møte både utfordringane og moglegheitene knytt til ei aldrande befolkning
- Ha fokus på tverrfagleg innsats og brei medverknad
- Involvere innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar
- Ha informasjon lett tilgjengeleg på heimesida

Vi må tenke nytt for å møte framtida med fleire eldre. Dette gjeld mellom anna bustadar, tenestetilbod, møteplassar og seniorar som ressurs.

Demensvenleg samfunn

Vi skal

- Utvikle skriftleg informasjon om demens
- Drive aktivt med kompetanseheving innan fagområdet
- Tilby kurs for næringslivet om demensvenleg samfunn

Fjord kommune har signert avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen om demensvenleg samfunn.